

Treng inntekter for å kunna reisa på Norway Cup.

23.03.2018



Jenter 14 år med Roar Musland og Gørill Samland Eik som trenarar. Hege Myklebust er lagleiar.

**I morgon, laurdag, vert det vaffelsal ved SPAR frå kl.11. Fotballaga jenter og gutar 14 år er påmelde til Norway Cup i sommar og laga treng inntekter til reise og opphald. I tillegg vil dei starta ein panteaksjonen ved innsamling av flasker og boks. Alt i morgon kan ein ta med pant til vaffelteltet ved SPAR.**

Gutelaget har vore på Norway Cup ein gong før. For jentelaget er det fyrste gongen. Sara Arnesen fortel til Uskedalen.no at det fantastisk at Uskedalen stiller med to reine lag i Norway Cup. Begge laga trenar to gonger i veka. Snart startar serien, men deltakinga i Norway Cup er det store eventyret dette året.

Kostnaden med å delta på Norway Cup er kr. 2.500,- pr. spelar i bukostnader. I tillegg kjem reisa. Å vera ei veka i Oslo på Norway Cup er feiren for mange, både for spelarane, foreldra, trenarar og lagleiarane.

Difor: Møt fram på SPAR i morgon, kjøp vafler og ver med og støtta ei god sak.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Sara Arnesen



Gutar 14 år med Tommy Eidsvik og Kjetil Myklebust som trenarar.